

## **Vedtekter for FAU Undheim skule**

### **§ 1- Foreldrerådet**

Alle føresette som har barn ved skulen, er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhold mellom heimen og skulen, legge til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

### **§ 2 - Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)**

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) er eit arbeidsutval valt av foreldrerådet og er det utøvande organet for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom føresette og skulen. FAU skal sikre reell medverknad for føresette, og ha medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt.

### **§3 - Val og konstituering**

FAU skal vera representert med ein kandidat frå kvar av dei sju klassane på skulen. Medlemmer av FAU vert valt for 2 år. FAU konstituerar seg på det fyrste møtet på hausten og vel sjølve leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, trafikkansvarleg og styremedlemmer.

FAU vel sjølve kven som skal representere FAU i skulens samarbeidsutval (SU), og eventuelt kommunalt FAU (KFU). FAU besluttar sjølve om det skal opprettas eigne prosjektgrupper til spesifikke oppgåver, eventuelt også kven som skal delta i desse gruppene.

### **§4 - Møter**

FAU har møte minst 5 gonger i løpet av skuleåret, inkludert årsmøtet, eller når minst tre av medlemmane krev det. Møteleiing er leiars ansvar. Dette ansvaret kan delegeras til nokon andre medlemmer, men agendaen skal alltid vere kjent for FAU-leiar og resten av FAU. På vår skule offentleggjer me møtereferat på skulen si heimeside.

FAU er vedtaksdyktig dersom 2/3 av medlemmane er til stades.

## **§5 - Økonomi**

Det er eit grunnleggjande prinsipp at den offentlege grunnskuleopplæringa skal vere gratis. FAU kan likevel motta bidrag i form av pengegåver eller dugnadar. Pengegåver eller andre bidrag til FAU skal donerast frivillig og anonymt av føresette og skal kome alle elevane til gode.

FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn på arrangement i regi av foreldrerådet/FAU. Rekneskap vert lagt fram på årsmøtet.

Kasserar har overordna ansvar for FAU sin konto.

FAU har også ansvar for å administrera tilgang til klassekassane for dei ulike årskulla.

## **§6 - Teieplikt**

Medlemmane av FAU er omfatta av dei til ein kvar tid gjeldande reglar om teieplikt, jfr. blant anna Forvaltningslova si bestemming. FAU skal ikkje behandle saker som dreier seg om einskildpersonar, einskildelevar, einskildforeldre eller skulens personale.

## **§7 - Konflikter i FAU**

FAU skal vere eit samlande utval med fokus på det beste for alle elevar. Det er viktig at det er høgde for ueinigheit og diskusjon i FAU. Dersom det oppstår konflikter, må representantane halde seg saklege og ha alle elevar i sentrum.

## **§8 - Endring av vedtektene**

Vedtekter vert gjennomgått ein gong i året. Forslag til endringar i vedtektene må sendast skriftleg til FAU. Endringane vert tatt opp og vert vedtatt/ ikkje vedtatt på møte i foreldrerådet.

## **§9 - Årsmøtet**

Årsmøtet bør haldast før sommaren, årsmøtet skal behandla FAU Undheim skule si årsmelding og innkomne forslag. Årsmelding og rekneskap skal sendast ut minst 14 dagar før årsmøtet.

Vedtektene er revidert våren 2026 og gjeld frå og med august 2026.